



Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 15/8992-21

## **Strategi for UKM Sogn og Fjordane 2016 - 2019**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slike vedtak:**

Strategi for UKM Sogn og Fjordane 2016 – 2019 vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg 1.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

1. Strategi for UKM Sogn og Fjordane 2016 – 2019
2. Innspel frå Ungdomspolitisk utval til strategiplan for UKM Sogn og Fjordane

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Strategiplan for UKM Norge 2015 – 2020
2. Avtale om samarbeid mellom UKM Norge og Sogn og Fjordane fylkeskommune

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

UKM er ei nasjonal kultursatsing for barn og unge. UKM har god oppslutning i Sogn og Fjordane, i snitt arrangerer 25 av 26 kommunar lokalmønstring kvart år. Hovudutval for kultur vedtok i sak 41/14 Drøfting av budsjett 2015 og 2016 og økonomiplan 2017 til 2019, Kultur at «Tiltak retta mot barn og unge, slik som UPU, FTU og UKM skal skjermast (første fasen)» Fylkesdirektøren ønskjer at dette skal syne att også gjennom at fylkeskommunen står fram med ambisjonar om å bidra til å utvikling av UKM i fylket.

Våren 2015 behandla hovudutvalet høyringsdokumentet for UKM Norge sin strategiplan for 2015 – 2020. I den samanheng vart det sagt at ein skulle kople dette dokumentet til vidare arbeid i eige fylke. Høyringsutkastet inneholdt ein del justeringar i høve førre plan. UKM Norge sin strategiplan vart vedtatt i mai 2015.

Fylkesdirektøren har no utarbeidd ein strategi for UKM Sogn og Fjordane 2016 – 2019. Strategien skal vere eit styringsdokument for fylkeskommunen sitt arbeid med UKM i perioden 2016 til 2019. Den er knytt til Kulturstrategi 2014 – 2017 vedtatt i HK 25. november 2014, og er med å utdjupe korleis fylkeskommunen bidreg til å legge til rette for barn og unge sin eigen kulturelle aktivitet.

I arbeidet med strategien er det tatt omsyn til UKM Norge sin strategiplan, status for UKM-arbeidet i eige fylke, samarbeidsavtale mellom UKM Norge og Sogn og Fjordane fylkeskommune handsama i HK-sak 39/12 og andre nasjonale avtalar som påverkar feltet.

#### Innspel til saka

Ungdomspolitisk utval (UPU) har saman med Sogn og Fjordane sin representant i Ungdommens ressursgruppe (URG) Jenny Hatlelid Holsæter diskutert utkast til strategien. UPU stiller seg positive til endringa av UKM frå ei mørnstring til ein møtestad, og meiner det er positivt for kultur og samhald i fylket, jf vedlegg 2.

UPU støtta i innspel til høyringssaka om UKM Norge i sin strategiplan endringar som er gjort med visjon og namn på ordninga, og at strategien i stor grad vektlegg ungdomsmedverknad. Dette er element som også er tatt med i strategi for UKM Sogn og Fjordane.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

UKM (Ung kultur møtest) må vere i stadig utvikling for å ha interesse for målgruppa 13 til 20 år. Ungdom i Sogn og Fjordane skal ha eit like godt og profesjonelt tilbod som ungdom elles i landet. Det er difor viktig med ein startegi som syner kva retning arbeidet med UKM i Sogn og Fjordane skal ha.

#### 2.1 Visjon og grunnleggande verdiar

Fylkeskommunen har ikkje tidlegare hatt ein startegi for UKM-arbeidet i fylket. UKM Norge har i sin strategiplanen endra tydinga av UKM frå «Ungdommens kulturmørnstring» til «Ung kultur møtest». Det er naturleg å nyte den nye tydinga også i Sogn og Fjordane. Visjonen for UKM Sogn og Fjordane er difor at UKM er den viktigaste møteplassen for ung kultur i Sogn og Fjordane. Dei grunnleggande verdiane, mangfald, medverknad, nyskaping og kvalitet gjeld for heile ordninga.

#### 2.2 Mål

Det er sett opp 3 mål for UKM-arbeidet den perioden strategien gjeld.

- UKM skal vere eit årleg fylkesdekkande arrangement for ung kultur i Sogn og Fjordane med arrangement i alle kommunar og på fylkesnivå.
- UKM i Sogn og Fjordane skal vere i stadig utvikling og vere relevant for målgruppa (10) 13 – 20 år
- UKM i Sogn og Fjordane skal stimulere og synleggjere ung kultur i fylket.

Måla støttar opp om punkt fylkeskommunen har forplikta seg til gjennom samarbeidsavtalen som er inngått med UKM Norge. Dei syner også kva som er dei største utfordringane i arbeidet med UKM.

#### 2.3 Satsingsområde 2016 - 2019

Satsingsområda er valt ut frå kvar UKM-arbeidet i fylket står i dag. Fylkesdirektøren ser at ein på nokre områder er på høgde med det som skjer elles i landet, medan ein på andre område har litt å strekke seg mot.

Satsingsområda er:

- UKM-festivalen Sogn og Fjordane – årets UKM høgdepunkt på fylkesnivå.  
I tråd med endring av UKM frå mørnstring til møteplass vel ein å endre namn på det årlege fylkesarrangementet frå Fylkesmørnstring til UKM festivalen Sogn og Fjordane. Festival er eit ord ungdom er kjende med, og som gjev andre assosiasjonar enn ordet mørnstring. Dette er også i tråd med at det nasjonale arrangementet i mange år har heitt UKM-festivalen.
- Kommunane – der alt startar.  
Utvikling på fylkesnivå er avhengig av at det også skjer utvikling i kommunane.
- Ungdomsmedverknad – UKM er til for ungdom  
UKM er til for ungdom, og flest mulig av arbeidsoppgåvene skal kunne påverkast og utførast av ungdom
- UKM- synleg og aktuelt for alle.

Sjølv om UKM har eksistert i 30 år er det framleis mange i alderen 13 til 20 år som ikkje veit kva UKM er og på kva måtar ein kan delta.

- UKM, Den kulturelle skulesekken og kulturskulane – saman er vi sterke.

#### 2.4 Strategiar

For å oppnå måla er det valt ut 5 strategiar for eige arbeid.

Gode planer og avtaler med samarbeidspartar er viktig for å gjere arbeidet oversiktleg og føreseileg for alle involverte. Dette gjeld spesielt arbeidet med UKM-festivalen Sogn og Fjordane der det er mange involverte.

Gjennom samarbeid og nettverksbygging kan ein oppnå meir enn ein kan aleine, dette gjeld spesielt samarbeid med dei organisasjonane og institusjonane som har kontakt med ungdom til dagleg.

For å halde engasjementet kring UKM oppe er det viktig med eit godt informasjonsarbeid, både mot aktuelle deltakarar, men også samarbeidspartar og media.

For at UKM skal vere relevant for målgruppa er det behov for kunnskap og kompetanse om ungdomskultur, retningar og trendar.

For å få til utvikling er økonomi sentralt. Det er viktig å nytte seg av dei støtteordningane som finst, men også tenke nytt kring finansiering på alle nivå.

#### 2.5 Økonomi

I budsjett 2016 er det sett av 756 000 kr til UKM-festivalen. Dette nivået er vidareført i økonomiplanperioden. I tillegg vert det søkt UKM Norge om såkalla stimuleringsmidlar til utvikling av enkelttiltak knytt til utviklingsarbeidet i fylket. Etter fylkesdirektøren si vurdering er UKM-festivalen eit tiltak som vil krevje auka løyvingar i åra framover om vi skal makte å halde oppe og utvikle interesse for og kvalitet på dette arrangementet. I tillegg til å tenkje alternative finansieringsordningar, vil UKM såleis vere eit tema også i fylkeskommunen sitt budsjett-/økonomiplanarbeidet framover.

### **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren meiner at Strategi for UKM Sogn og Fjordane 2016-2019 gir god retning og gode prioriteringar for arbeidet med UKM i Sogn og Fjordane dei nærmaste åra.

**... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑**